



Arkivnr: 2018/8529-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.04.2018

### Rekneskapsrapport pr. februar 2018.

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om økonomistoda ved utgangen av februar. Rapporteringa pr. februar 2018 ber preg av moment og vurderingar som var vesentlege for økonomistoda i 2017, og som også vil gjera seg gjeldande i 2018.

Sentralt for den økonomiske stoda er resultatutviklinga i dei ulike tenesteområda, med tillegg av utviklinga i skatteinngang, pensjonskostnader og renter. Utgangspunktet for 2018 er eit rekneskapsoverskot i 2017 på 107 mill. kr. Samanlikna med 2016 var resultatet for 2017 betre ved at fleire delar av drifta, fleire einingar, leverte overskot. I 2016 var det tilhøve utanom tenesteområda, i fyrste rekkje skatteinngang, som genererte rekneskapsoverskotet.

Det er ein del usikre moment i budsjettet som kan gje større økonomiske utslag i 2018. Så langt er det ein svikt i kraftinntektene etter 2 månadar. Andre område av høg interesse er kollektivinntektene, nye ferjekontraktar, ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane og pasientinntektene innan tannhelse.

Det er for tidleg å gje årsprognose basert på rekneskapsstala etter 2 månadar. Målet er at flest mogleg einingar og budsjettområde kvar for seg, og samla, leverer eit positivt bidrag til det samla økonomiske resultatet for 2018. Dette krev stram budsjett disiplin gjennom året, god økonomirapportering og tiltak i høve til budsjettområde som har negativ drift. Dette for å betre den økonomiske krevjande stillinga og det avgrensa økonomiske handlingsrommet til fylkeskommunen.

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2018 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 22.03.2018**

Rekneskapen pr. februar 2018 gjev ein peikepinn på den økonomiske stoda i dei ulike sektorane tidleg på året. Likevel kan tala gje grunn til å rette merksemd mot særskilte tilhøve som avvik frå budsjettet. Det er ikkje nok grunnlag i rekneskapstala eller særskilte haldepunkt for å leggje til grunn noko anna enn at fylkesøkonomien skal vera i balanse ved årets slutt. Dette sjølv om nokre delar av budsjettet, mellom anna kraftinntekter, har negative årsprognosar etter 2 månadar.

Dei to store sektorane opplæring og samferdsel er særst viktige for det samla resultatet til HFK, og desse sektorane avslutta 2017 på ein god måte. Skulane fekk betre resultat enn prognosane gjennom året skulle tilseia, og kollektivområdet enda med eit større overskot. I tillegg avslutta tannhelse 2017 med eit mindre underskot enn det ein kunne frykta utifrå tidlegare prognosar. Det økonomiske utgangspunktet for fleire avdelingar er såleis betre enn på byrjinga av 2017.

Fylkesrådmannen vil i like stor grad som i 2017 prioritere stram økonomistyring i organisasjonen for å halde budsjetttrammene. Målet er positiv drift i flest mogleg delar av fylkesøkonomien i 2018, og eit økonomisk resultat som betrar ein økonomisk krevjande situasjon.

Fylkestinget sitt vedtak om reduksjon i konsulentbruk og reiseverksemd på til saman 5 mill. kr er fordelt og innarbeidd i budsjettet. Fylkesrådmannen arbeider med fordeling av innsparingssummen på 15 mill. kr knytt til administrativ effektivisering. Innsparingssummen er førebels innarbeidd på ein samlekonto.

### **Rapportering og økonomistyring**

Gjeldande rutinar inneber tertialrapportering to gonger i året til fylkesutval og fylkesting. I tillegg til desse to økonomiske hovudrapportane vert det utarbeidd mindre omfattande økonomirapportar pr. februar, juni og oktober som vert lagde fram for fylkesutvalet.

Utover økonomirapportering til politisk nivå har fylkesrådmannen innført ei rapporteringsordning som inneber kvartalsvis budsjettoppfølging for einingane i fylkeskommunen. I tillegg har fylkesrådmannen eit par gonger i året gjennomgang av økonomistoda for leiarsjiktet i fylkeskommunen. Desse gjennomgangane omfattar rektorar, overtannlegar og seksjonsleiarar. Siktemålet har vore å auke fokuset på økonomi og betre økonomistyringa i heile organisasjonen. Dette opplegget vil halda fram i 2018.

I 2017 vart økonomisystemet Visma Enterprise sett i drift. Innføringa har i det heile vore vellukka, og har medverka til betre økonomistyring gjennom betre rutinar på økonomiområdet. I 2018 skal ein prøve ut ein ny modul i økonomisystemet, som på ein enkel måte vil gje leiarane økonomisk nøkkelinformasjon for sitt område.

### **Staus for dei ulike driftsområda**

Fylkesrådmannen går nedanfor kort gjennom dei ulike sektorane og områda.

Innanfor budsjettområda politiske organ og administrasjon, fellesfunksjonar, eigedom, regional utvikling og kultur og idrett er tala om lag som venta, og det er god kontroll ved starten av 2018. Mesteparten av utgiftene er knytt til lønsutgifter og utbetaling av tilskot som ein har god styring og kontroll på. Det er heller ikkje stor risiko knytt til inntekstpostane på desse sektorane.

Vurderinga er så langt at det er få risikofaktorar som kan føra til monalege negative budsjettavvik i 2018. For sentraladministrasjonen og fellesfunksjonar har ein hatt og vil framleis ha fokus på meir kostnadseffektiv drift, og det kan gje positive bidrag til fylkeskommunen sitt økonomiske resultat på slutten av året.

## Opplæring

Rekneskapsresultatet for opplæringssektoren i 2017 var eit positivt resultat på 16 mill. kr. Dette er ei betring i høve til 2016 då ein enda på eit negativt budsjettavvik på 12 mill. kr. Dei siste åra har budsjetttramma til sektoren vorte ein del redusert, og resultatet i 2017 er resultat av godt arbeid og gjennomføring av naudsynte tiltak.

Avgjerande for å oppnå balanse i sektoren i 2018 er tett oppfølging av dei delane av budsjettet der det er størst risiko for avvik. Moment som kan vere utfordrande for økonomien i 2018 er; opplæring av minoritetsspråklige, fagopplæring, spesialundervisning og tilrettelagt undervisning. I tillegg vert det interessant å sjå kva utslag ein får av ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane.

I kvartalsrapporteringa til fylkesrådmannen, som snart startar opp, vil prognosane som skulane kjem med vere sentrale. Her vil ein tidleg kunne rette merksemd mot dei einingane der det er størst risiko for eit negativt årsresultat.

Førebelse tal syner at det er ein oppgang i søkinga til vidaregåande skular i Hordaland samanlikna med 2017. Det er også nokre endringar i fordelinga av søkjarar til dei ulike utdanningsprogramma. Det er for tidleg å vurdere kva effektar dette får økonomisk. Årsprognose for skulane og dei andre delane av opplæringssektoren kjem fylkesrådmannen tilbake til i tertialrapporteringa.

## Samferdsel

For samferdselssektoren har utviklinga innanfor kollektivområdet vore sentral. Skyss si kostnad- og inntektsside har vore avgjerande for samferdselsektoren sitt samla resultat, og også viktig i høve til HFK sitt årsresultat.

Framleis er det uvisse knytt til nivået på billettinntektene for 2018. Dette i høve til eit inntektsbudsjett som er auka frå 2017 til 2018, og der det er rekna inn ein inntektsvekst og ei vidare positiv utvikling i talet på reisande. Når det gjeld kostnadssida, hadde Skyss i 2017 ei positiv kostnadsutvikling på operatørkontraktar. Slik tala ser ut tidleg i 2018, er det von om at denne trenden vil halde fram, og generere positive budsjettavvik. Fylkesrådmannen vil kome attende med prognose for inntektene og for kollektivområdet i tertialrapporten pr. april til fylkestinget i juni.

Vegvedlikehaldet var området i fylkeskommunen som hadde størst negativt budsjettavvik i 2017; eit meirforbruk på 40 mill. kr. Delar av denne overskridinga skuldast etterverknadar av tidligare uver og stormar. I tillegg fekk ein negative utslag grunna indeksregulering av driftskontraktar. Fylkesrådmannen vil følgja opp dette området tett for å unngå eit stort meirforbruk i 2018. I det ligg det ei forventning om at regionvegsjefen gjer naudsynte tiltak slik at vegvedlikehaldet vert styrt innanfor økonomiske rammer.

## Tannhelse

Tannhelsesektoren fekk eit negativt rekneskapsresultat på 2,5 mill. kr i 2017. Resultatet var betre enn frykta i høve til tidligare prognosar, og eit steg i rett retning. Hovudgrunnar er eit sterkare økonomifokus som har senka driftskostnadane, nytt økonomisystem som har endra faktureringsrutinane og innføring av detaljerte budsjett på alle klinikkar.

Samanlikna med 2017 har ein i 2018 redusert kostnadane monaleg ved å seie opp provisjons- og bonusavtalar. Desse avtalane var knytt til behandlinga av betalande pasientar, og viste seg å ikkje vere i samsvar med lovkravet som seier at slik verksemd skal vera lønnsam. Kostnadsreduksjonen utgjer mellom 16 og 17 mill. kr. Denne reduksjonen må sjåast opp mot ein eventuell reduksjon i pasientinntektene i 2018. Reduksjonen kan kome på klinikkar som no justerer produksjonen sin ned, eller som vel å behandle fleire lovpålagte, og færre betalande pasientar enn dei har gjort tidligare. Status etter 2 månadar er at inntektene frå betalande ikkje- lovpålagte pasientar har vorte redusert, og særskilt på klinikkar som har hatt mykje

utbetalt provisjon tidlegare. Det er likevel eit overskot på tannhelse på byrjinga av 2018 grunna den store kostnadsreduksjonen og eit noko betre budsjett i 2018 enn i fjor.

Fylkesrådmannen er nøgd med at tannhelse har kome godt ut økonomisk etter dei fyrste månadane av 2018. TkVest/Hordaland verkar også ha ei noko betre økonomistode no enn det som var tilfelle på byrjinga av 2017. Ein vil ha særskilt merksemd på pasientinntektene framover, og gjera tiltak på kostnadssida dersom det viser seg at særskilte klinikkar får stor inntektsreduksjon fordi produksjon og lønsemd går ned.

#### Konsesjonskraftinntekter

Fylkestinget vedtok eit budsjett for konsesjonskraftinntekter på 55 mill. kr for 2018. Prognosen pr. februar er 43,3 mill. kr, altså ein svipt på nær 12 mill. kr. Kraftprisen har i det siste auka noko, men det er tidlegare inngått finansielle sikringar for ein vesentleg del av volumet til lågare prisar enn det ein no ser i marknaden.

#### Skatt og rammetilskot

Skatteinngangen i januar og februar er godt i samsvar med budsjettet. Førrebels er det ikkje venta store budsjettavvik på skattekapittelet.

Det som vil avgjere skatteresultatet i år, som tidligare år, vil vera konjunkturar, arbeidsløyse og korleis skatteinngangen er i Hordaland i høve til andre fylke. Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga i skatteinntektene nøye, og koma attende med ein årsprognose i tertialrapporten pr. april. Då vil ein ha oppdaterte tal for dei fire fyrste månadane av året, m.a. for mars månad som er ein stor «skattemånad».

#### Renter og avdrag

Så langt er det godt samsvar mellom prognosen for renter og budsjettet på dette området.

#### Pensjonskostnadar

Hordaland fylkeskommune legg til grunn berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse ved budsjetteringa av pensjonskostnadane i 2018. Nye tal eller føresetnader som skulle avvika frå det som vart lagt til grunn hausten 2017, og som ligg i budsjettet, kjem eventuelt i april. Førrebels er prognosen at dette området endar opp i balanse.

#### Oppsummering

Fylkesrådmannen legg på noverande tidspunkt til grunn at fylkeskommunen samla sett kjem ut i balanse ved utgangen av året. Med stram budsjettstyring er målet at sektorane og avdelingane, som i fjor, leverer positive bidrag til det samla økonomiske resultatet i 2018.

Nokre budsjettområde har ujamnt forbruk gjennom året. Når ein tek omsyn til desse tekniske tilhøva, samsvarar rekneskapen pr. februar 2018 i hovudsak med budsjettet. I tabelloversynet under er rekneskap, budsjett og rekneskapen for 2017 sett opp.

	Rekneskap feb. 2018	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Rekneskap feb. 2017
<b>Politisk, kontroll, fylkesrådm.</b>				
Kostnader:	19 618	61 713	31,8 %	19 533
Inntekter:	-413	-3 038	13,6 %	-433
<b>Netto</b>	<b>19 205</b>	<b>58 675</b>	<b>32,7 %</b>	<b>19 099</b>

<b>Eigedom</b>				
Kostnader:	55 146	323 295	17,1 %	49 038
Inntekter:	-13 985	-46 795	29,9 %	-10 749
<b>Netto</b>	<b>41 162</b>	<b>276 500</b>	<b>14,9 %</b>	<b>38 289</b>
<b>Økonomi- og organisasjonsavd.</b>				
Kostnader:	38 153	199 669	19,1 %	33 825
Inntekter:	-3 597	-12 850	28,0 %	-2 949
<b>Netto</b>	<b>34 555</b>	<b>186 819</b>	<b>18,5 %</b>	<b>30 876</b>
<b>Regional utvikling</b>				
Kostnader:	2 758	204 725	1,3 %	17 821
Inntekter:	-30 823	-104 945	29,4 %	-24 239
<b>Netto</b>	<b>-28 065</b>	<b>99 780</b>	<b>-28,1 %</b>	<b>-6 417</b>
<b>Samferdsel</b>				
Kostnader:	517 208	3 322 135	15,6 %	464 851
Inntekter:	-225 774	-1 346 820	16,8 %	-188 586
<b>Netto</b>	<b>291 435</b>	<b>1 975 315</b>	<b>14,8 %</b>	<b>276 265</b>
<b>Kultur og idrett</b>				
Kostnader:	51 133	398 384	12,8 %	90 634
Inntekter:	-3 544	-185 404	1,9 %	-1 897
<b>Netto</b>	<b>47 589</b>	<b>212 980</b>	<b>22,3 %</b>	<b>88 738</b>
<b>Tannhelse</b>				
Kostnader:	58 741	315 335	18,6 %	60 504
Inntekter:	-16 355	-106 985	15,3 %	-20 570
<b>Netto</b>	<b>42 386</b>	<b>208 350</b>	<b>20,3 %</b>	<b>39 934</b>
<b>Opplæring</b>				
Kostnader:	463 936	2 937 581	15,8 %	481 265
Inntekter:	-142 777	-336 005	42,5 %	-59 713
<b>Netto</b>	<b>321 159</b>	<b>2 601 576</b>	<b>12,3 %</b>	<b>421 552</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>				
Inntekter:	-1 042 152	-6 477 415	16,1 %	-1 027 340
<b>Netto</b>	<b>-1 042 152</b>	<b>-6 477 415</b>	<b>16,1 %</b>	<b>-1 027 340</b>
<b>Renter og avdrag</b>				
Kostnader:	-10 984	809 400	-1,4 %	4 461
Inntekter:	4 471	-31 900	-14,0 %	2 390
<b>Netto</b>	<b>-6 513</b>	<b>777 500</b>	<b>-0,8 %</b>	<b>6 850</b>
<b>Kraftinntekter</b>				
Kostnader:	6 453	50 000	12,9 %	9 125
Inntekter:	-18 339	-126 500	14,5 %	-17 305
<b>Netto</b>	<b>-11 886</b>	<b>-76 500</b>	<b>15,5 %</b>	<b>-8 180</b>
<b>Andre postar</b>				
Kostnader:	6 741	163 170	4,1 %	5 545
Inntekter:	-11 539	-6 750	171,0 %	-7 616

<b>Netto</b>	<b>-4 799</b>	<b>156 420</b>	<b>-3,1 %</b>	<b>-2 072</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-295 924</b>			<b>-122 406</b>

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2018 til orientering.